



SEKRETARIATET FOR  
KONTROLLUTVAL I  
NORD-GUDBRANDSDAL

## MØTEPROTOKOLL – STYRET

<b>Møtedato:</b>	<b>Tid:</b>	<b>Møtested:</b>
Onsdag 1.11.23	Kl. 09.00-09.40	MS Teams

### Til stades på møtet:

<b>Medlemmer:</b>	Magny Hilde (Lom), Jørund Båtstad (Sel), Arnfrid Austin (Skjåk)
<b>Varamedlemmer:</b>	Aud Gjørwad (for Odd Leif Angard, Dovre).
<b>Andre:</b>	Elin Marit Andgard, sekretær SKNG. Ordfører og kommunedirektør i Vågå

### Saker som vart handsama:

18/23 Omdanning SKNG – val av representantskapet 19/23 Protokoll og orienteringar
--

### Andre opplysningar:

<b>Møteinnkalling:</b>	25. oktober 2023
<b>Møteleder:</b>	Magny Hilde
<b>Referent:</b>	Elin Marit Andgard, sekretær SKNG

### Underskrifter:

Vi stadfester med underskriftene våre at det som er ført i saksnummer 18-19/2023 er i samsvar med det som vart vedtatt i møtet.

### Utskrift av protokoll til:

Medlemmer og varamedlemmer i styret SKNG. Ordfører, kommunedirektør/rådmann og kontrollutval i Lesja, Dovre, Sel, Vågå, Lom og Skjåk. Innlandet Revisjon IKS
--

Møtedato:	Journalnr.:	Saknr.:	Saksbehandler:
1.11.2023	189/2023	18-19/2023	Elin Marit Andgard, SKNG

### Godkjenning av innkalling og sakliste

Styreleiar orienterte om vurderingar og konklusjon om møtet: Sittande styret er i funksjon fram til nytt styre/representantskap er valgt, uavhengig av nyvalg av kontrollutvalg.

Innkalling og sakliste vart godkjent.

## SAK 18/23 OMDANNING SKNG - VAL AV REPRESENTANTSKAPET

### Bakgrunn:

Omdanninga av SKNG (Sekretariatet for kontrollutvala i Nord-Gudbrandsdal) til kommunalt oppgåvefelleskap vart vedteke før sommeren ved at alle kommunestyra godkjende ny samarbeidsavtale for SKNG.

Samarbeidsavtala § 3 om representantskapet lyder:

1. Representantskapet er det øvste organet i SKNG og har det administrative, økonomiske og organisatoriske ansvaret for SKNG.
2. Representantskapet består av ein representant med personleg varamedlem frå kvar kommune. Kommunestyret vel desse blant kontrollutvalet sine medlemmer.
3. Representantskapet vel sjølv leiar og nestleiar.

I forarbeidet til omdanning av SKNG til kommunalt oppgåvefelleskap, innhenta sekretariatet saksutgreiingar frå andre sekretariatet og rådspurte NKRF (kontroll og revisjon i kommunene) og FKT (Forum for kontroll og tilsyn).

Det syner seg at vi har fått feil informasjon om korvidt medlemmer i kontrollutvalet kunne sitte i representantskapet for SKNG, fordi kommunelovens § 23-1 punkt h har vore tolka feil. Ein må gå vegen om både § 5-1 og § 23-1 i kommuneloven for å konkludere rett.

### Fakta:

I samband med omdanning av Kontrollutvalgssekretariatet Innlandet til kommunalt oppgåvefelleskap skriv Jostein Selle frå KS advokatene Lillehammer:

*Representantskapet i et oppgåvefelleskap er et folkevalgt organ i kommunelovens forstand, jf. kommuneloven § 5-1 bokstav j. Medlemmer av folkevalgt organ med beslutningsmyndighet er utelukket fra valg til kontrollutvalget etter § 23-1 bokstav c. Ut fra kommuneloven § 19-3 må representantskapet anses for å ha beslutningsmyndighet. På denne bakgrunn er det min vurdering medlemmer av kontrollutvalget ikke kan sitte i begge organer.*

Relevante §-er i kommuneloven som det er vist til over:

- § 5-1 Folkevalgte organ etter denne loven er
- d. kontrollutvalg
  - j. representantskap for et kommunalt oppgavefelleskap
- § 19-3 Representantskapet er det øverste organet i et kommunalt oppgavefelleskap.
- § 23-1 Kontrollutvalget
- Utelukket fra valg er
- a. ordfører og varaordfører
  - b. medlemmer og varamedlemmer av formannskap eller fylkesutvalg
  - c. medlemmer og varamedlemmer av folkevalgt organ med beslutningsmyndighet. Medlemmer og varamedlemmer av kommunestyret eller fylkestinget er likevel valgbare
  - d. medlemmer av kommuneråd eller fylkesråd
  - e. medlemmer og varamedlemmer av kommunestyrekomité eller fylkestingskomité
  - f. ansatte i den aktuelle kommunen eller fylkeskommunen
  - g. personer som har en ledende stilling, eller som er medlem eller varamedlem av styret eller bedriftsforsamlingen, i et selskap som kommunen eller fylkeskommunen har eierinteresser i
  - h. personer som har en ledende stilling, eller som er medlem eller varamedlem av styret i et interkommunalt politisk råd eller et kommunalt oppgavefelleskap.

Ingen av kommunestyrene har pr. d.d. gjort val til representantskapet i SKNG.

**Konklusjon:**

Medlemmer i eit folkevalgt organ med beslutningsmynde kan ikkje velgast til kontrollutvalet (§ 23-1). Representantskapet i eit kommunalt oppgavefelleskap er folkevalgte (§ 5-1). Medlemmer og varamedlemmer i kontrollutvalet kan såleis ikkje velgast til representantskapet for SKNG kommunalt oppgavefelleskap.

§ 3 i samarbeidsavtala for Sekretariatet for kontrollutvala i Nord-Gudbrandsdal må endrast slik at val av representantskapet blir riktig etter kommuneloven.

**Sekretariatets forslag til vedtak:**

1. Styret for SKNG sluttar seg til sekretariatets konklusjon.
2. Styret sender saksutgreiinga til kommunestyret i dei seks deltakarkommunane med fylgjande *innstilling*:
  - Kommunestyret vedtek at punkt § 3.2 i samarbeidsavtala for Sekretariatet for kontrollutvala i Nord-Gudbrandsdal (SKNG) kommunalt oppgavefelleskap blir: "Representantskapet består av ein representant med personleg varamedlem frå kvar kommune. Desse blir valgt av kommunestyret."
  - Det er forutsett likelydande vedtak i alle dei seks deltakarkommunane.
3. Styret ber kommunestyret om å foreta val til representantskapet så snart det let seg gjere slik at representantskapet for SKNG kommunalt oppgavefelleskap trer i funksjon i samsvar med samarbeidsavtala.

### **Møtehandsaming:**

Det vart ikkje sett fram endrings- eller tilleggsforslag. Vedtaket var samrøysta.

### **Vedtak:**

1. Styret for SKNG sluttar seg til sekretariatets konklusjon.
2. Styret sender saksutgreiinga til kommunestyret i dei seks deltakarkommunane med fylgjande *innstilling*:
  - Kommunestyret vedtek at punkt § 3.2 i samarbeidsavtale for Sekretariatet for kontrollutvala i Nord-Gudbrandsdal (SKNG) kommunalt oppgåvefelleskap blir "Representantskapet består av ein representant med personleg varamedlem frå kvar kommune. Desse blir valgt av kommunestyret."
  - Det er forutsett likelydande vedtak i alle dei seks deltakarkommunane.
3. Styret ber kommunestyret om å foreta val til representantskapet så snart det let seg gjere slik at representantskapet for SKNG kommunalt oppgåvefelleskap trer i funksjon i samsvar med samarbeidsavtala.

## **SAK 19/23 PROTOKOLL OG ORIENTERINGAR**

### **Møteprotokoll 28. august 2023**

Sekretariatet har ikkje motteke nokon merknad.

#### **Orienteringar**

- Status forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll.
- Opplæring av nye kontrollutval.
- Personalsituasjon i sekretariatet.
- Møteplan KU-møter.

#### **Forslag til vedtak:**

Møteprotokoll frå styremøtet 28. august 2023 er godkjent.  
Øvrige orienteringar er teke til etterretning.

#### **Vedtak:**

Møteprotokoll frå styremøtet 28. august 2023 er godkjent.  
Øvrige orienteringar er teke til etterretning.